



Saksframlegg

Hovudplan veg Voss herad

Saksnr.	Utval	Møtedato
10/24	Utval for kultur og næring	13.03.2024
15/24	Formannskapet, Plan og økonomi	14.03.2024
19/24	Heradsstyret	21.03.2024

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

"Hovudplan veg 2024-2031" for Voss herad vert vedteken slik han ligg føre.

Vedtak som innstilling frå Utval for kultur og næring, 13.03.2024 - 10/24

"Hovudplan veg 2024-2031" for Voss herad vert vedteken slik han ligg føre med tilleggspunkt

Heradsstyret ber om ein opptrappingsplan for investering og drift av kommunale vegar. Med den økonomiske statusen Voss herad har pr i dag, er det ikkje realistisk å auka budsjetta i tråd med saksframlegget. Opptrappingsplanen bør ta omsyn til den økonomiske statusen, og leggja til grunn ein mindre auke for 2024, med målsetjing om å ta denne att når ein får større økonomisk handlingsrom.

Vedtak som innstilling frå Formannskapet, Plan og økonomi, 14.03.2024 - 15/24

"Hovudplan veg 2024-2031" for Voss herad vert vedteken slik han ligg føre med tilleggspunkt

Heradsstyret ber om ein opptrappingsplan for investering og drift av kommunale vegar. Med den økonomiske statusen Voss herad har pr i dag, er det ikkje realistisk å auka budsjetta i tråd med saksframlegget. Opptrappingsplanen bør ta omsyn til den økonomiske statusen, og leggja til grunn ein mindre auke for 2024, med målsetjing om å ta denne att når ein får større økonomisk handlingsrom.

Saksordførar: Samson Hamre

Utval for kultur og næring 13.03.2024

Handsaming

Framlegg til tilleggspunkt, foreslått av Marit Wæhle, Arbeiderpartiet

Framlegg til eit tilleggspunkt :

Heradsstyret ber om ein opptrappingsplan for investering og drift av kommunale vegar. Med den økonomiske statusen Voss herad har pr i dag, er det ikkje realistisk å auka budsjetta i tråd med saksframlegget. Opptrappingsplanen bør ta omsyn til den økonomiske statusen, og legga til grunn ein mindre auke for 2024, med målsetjing om å ta denne att når ein får større økonomisk handlingsrom.

Ap, Sp. SV

Utvalet røysta over framlegg til tilleggspunkt frå Ap, Sp og Sv v/ Marit Wæhle, samrøystes vedteke. Utvalet røysta over rådmannen sitt framlegg til vedtak med tilleggspunkt, samrøystes vedteke.

UKN - 10/24 Vedtak

"Hovudplan veg 2024-2031" for Voss herad vert vedteken slik han ligg føre med tilleggspunkt

Heradsstyret ber om ein opptrappingsplan for investering og drift av kommunale vegar. Med den økonomiske statusen Voss herad har pr i dag, er det ikkje realistisk å auka budsjetta i tråd med saksframlegget. Opptrappingsplanen bør ta omsyn til den økonomiske statusen, og legga til grunn ein mindre auke for 2024, med målsetjing om å ta denne att når ein får større økonomisk handlingsrom.

Formannskapet, Plan og økonomi 14.03.2024

Handsaming

Formannskapet, plan og økonomi røysta over Utval for kultur og næring sitt framlegg til vedtak, samrøystes vedteke.

Saksordførar: Samson Hamre

FPL - 15/24 Vedtak

"Hovudplan veg 2024-2031" for Voss herad vert vedteken slik han ligg føre med tilleggspunkt

Heradsstyret ber om ein opptrappingsplan for investering og drift av kommunale vegar. Med den økonomiske statusen Voss herad har pr i dag, er det ikkje realistisk å auka budsjetta i tråd med saksframlegget. Opptrappingsplanen bør ta omsyn til den økonomiske statusen, og legga til grunn ein mindre auke for 2024, med målsetjing om å ta denne att når ein får større økonomisk handlingsrom.

Saksordførar: Samson Hamre

Heradsstyret 21.03.2024

Handsaming

Heradsstyret røysta over Formannskapet, plan og økonomi sitt framlegg til vedtak - samrøystes vedteke.

HST - 19/24 Vedtak

"Hovudplan veg 2024-2031" for Voss herad vert vedteken slik han ligg føre med tilleggspunkt

Heradsstyret ber om ein opptrappingsplan for investering og drift av kommunale vegar. Med den økonomiske statusen Voss herad har pr i dag, er det ikkje realistisk å auka budsjetta i tråd med saksframlegget. Opptrappingsplanen bør ta omsyn til den økonomiske statusen, og leggja til grunn ein mindre auke for 2024, med målsetjing om å ta denne att når ein får større økonomisk handlingsrom.

Samandrag

Forslag til hovudplan veg gjev eit gjennomarbeida og realistisk bilete av status for dei kommunale vegane. Ein kommunal veg er ein offentleg veg der kommunen har ansvar for planlegging, drift og vedlikehald. Hovudplanen omhandlar berre kommunale vegar og er ein temaplan.

Planen inneheld tilstandsanalyse med tilrådd drift og investeringsnivå for det kommunale vegnettet på Voss, rammevilkår som er naudsynt for å utarbeida mål og strategiar for vegnettet. Planen byggjer på omfattande kartlegging med tilstandsvurdering av det kommunale vegnettet. Hovudplanen gjev eit godt grunnlag for å planleggja framtidig ressursinnsats innan drift, vedlikehald og opprusting av det kommunale vegnettet.

Konklusjonen etter gjennomgangen av vegnettet er at tilstanden på kommunale vegar kan karakteriserast som god/mindre god, sjølv om planen og viser at vegar og delstrekker er for dårlege. For å hindra vidare forfall av vegnettet er konklusjonen i hovudplanen at ein må auka drift- og investeringsbudsjettet i åra framover.

Saksopplysingar:

Det kommunale vegnettet er delt inn i vegkategoriar med utgangspunkt i vegen sine bruksegenskapar (jf. rettleiing frå NKF):

- Hovudvegar:
Gjennomkøyringsvegar, hovudsakleg utan private avkøyrslar og inngår i viktige ruter i samvirke med det overordna vegnettet (industrivegar, kollektivruter).
- Samlevegar:
Kommunale vegar/gater med blanda funksjon; som hovudveg eller med tilknytning til hovudveg, eller som samleveg med private avkøyrslar.
- Adkomstvegar:
Vegnettet frå einskilde husstandar til samlevegen utan gjennomkøyring. Pregast av private avkøyrslar og er normalt vegar med sterke restriksjonar (hastigheit, einvegsregulering o.l.)
- Gang- og sykkelvegar og fortau:
Vegar som er til bruk for gåande og syklende.

Tabellen under syner noko av det heradet forvaltar knytt til kommunal veg:


295,7 km køyreveg der 58 % har asfaltdekke
--

11,3 km GS – veg	1660 vegljøs
10,1 km fortau	49 km rekkverk
120 bruer	800 Kummar/sluk
1 kai	Ca 3000 stikkrenner
5 tunnellar	1500 skilt
2000 m mur	10,3 km kantstein

Metodikk - tilstandsvurdering.

Hovudplan veg er basert på eksisterande vegnett med utgangspunkt i fotografering av vegnettet utført i 2020 i Granvin og i 2022 i Voss. Vurderinga av vegnettet er basert på at kjenneteikna for skadane på vegen reflekterer vegen si bereevne. I tillegg er det køyrt berevne målingar på 40 vegstrekker på til saman 54,4 km. Det er også gjort ei registrering av vegobjekt knytt til veg som er lagt inn i nasjonal vegdatabank (NVDB), samt ein hovudkontroll på alle dei kommunale bruene.

Vegane er delt inn i parsellar og gjeve poeng frå 1 (dårlegast) til 5 (best) ut frå vegen sine skadekjenneteikn. Det er utført tilstandsvurderingar på både grus- og asfaltvegar. Under er vist døme på dei ulike tilstandsklassane for asfaltvegar:



Det kommunale vegnettet:

Det er køyrevogane som har størst verdi i vegnettet og gjenskaffingsverdien til vegkroppen er rekna til 1 378 mill kr. Vedlikehaldsetterslepet er rekna til **310 mill kr**. Vegkapitalen vert såleis 1 068 mill kr og etterslepet utgjør 22 % av verdien. Gjenskaffingsverdien for (dei største) registrerte vegobjekta er rekna til 404 mill.kr.

Eit konkret mål i Voss herad sin økonomiplan er å få alle vegar klassifisert opp til 10 tonn akseltrykk.

Tabellen under syner behov for midlar til **utbetring/opprustning** av kommunale vegar:

Vegkategori	Tal vegar*	Lengd (km)	Breidd (m)	Tilstand	Utbetnings- kostnad (mill.kr)
-------------	------------	------------	------------	----------	-------------------------------

Hovudvegar	15	8,3	6,2	4,0	12,6
Samlevegar	54	29,2	5,5	3,9	41,1
Adkomstvegar	432	258,2	3,9	3,4	242,5
Sum/snitt køyrevegar	501	295,7	4,1	3,5	296,2
Gang/sykkelvegar	57	11,3	3,0	3,8	7,0
Fortau	55	10,1	2,3	3,7	6,9
Sum/snitt	613	317,2	4,0	3,5	310,1

For å hindra vidare forfall av kommunale vegar er det tilrådd eit **drift- og vedlikehaldsbudsjett** som vist i denne tabellen. Summar er eks mva:

	Anbefalt årsbudsjett pr vegkategori/totalt				
	Hoved/samlevegar	Adkomstvegar	Alle kjørevegar	GS-vegar	Totalt
Drift vinter	3 091 308	10 865 682	13 956 990	399 200	14 356 190
Drift sommer	1 712 145	6 812 971	8 525 116	166 751	8 691 868
Sum drift	4 803 453	17 678 653	22 482 106	565 951	23 048 058
Vedlikehold	4 139 725	12 356 010	16 495 735	296 223	16 791 958
Drift og vedlikehold	8 943 178	30 034 663	38 977 841	862 174	39 840 016
Andel av totalt budsjett	22 %	75 %	98 %	2 %	100 %
Antall m veg	37 535	258 191	295 726	11 340	307 066
Andel av total veglengde	12 %	84 %	96 %	4 %	100 %
Drift (kr/m)	128	68	76	50	75
Vedlikehold (kr/m)	110	48	56	26	55
Drift og vedlikehold (kr/m)	238	116	132	76	130

Pr i dag er det i budsjett for 2024 løyvd 26,2 mill. kr til **drift og vedlikehald** av det kommunale vegnettet, medan tilrådd minimum drift- og vedlikehaldsbudsjett er 39,8 mill.kr, noko som som betyr ein føreslått auke på **13,6 mill.** i årlege løyvingar over driftsbudsjettet for å oppretthalda vegane sine funksjonelle og strukturelle kvalitetar.

Årlege løyvingar til **investering** i vegkroppen lågare enn **11 mill. kr** pr år, vil redusera standarden og føra til at etterslepet aukar. For 2024 er investeringsbudsjettet for veg i Voss herad **6 mill.kr**. For å gje det kommunale vegnettet eit varig lyft i standard, bør heradet nytta **ca. 17 mill. kr** pr år i 8 år (2024 – 2031) til opprusting av vegkroppen. Etter denne perioden bør ein gjera ei ny vurdering av tilstand og løyvningsnivå. Ved å løyva 17 mill. kr pr år vil det ta **18 år** (310:17) før alle vegar med behov i dag er utbetra. Kostnad for asfaltering av grusvegar (investering) kjem i tillegg.

Viss ein ynskjer å asfaltera **2 km** årleg av dei gjenståande 132 km med grusveg, vil det koste ca. **1,8 mill.** kr. pr. år. Det vil då ta **66 år** før alle grusvegane har fått asfaltdekke. Kostnad for vegobjekt (bruer, skilt, rekkverk osv.) kjem i tillegg.

Omklassifisering av kommunale vegar:

For å få betre samsvar mellom vedlikehaldsbudsjettet for kommunale vegar og dei faktiske utgiftene, er nedklassifisering av kommunale vegar til private eit tiltak som er naudsynt. Voss herad har svært høgt tal km kommunale vegar pr innbyggjer. Dette i tillegg til ei klimatisk utfordring med store mengder snø i deler av kommunen, fører til høge utgifter til drift og vedlikehald. I tillegg er det store skilnader i kven som har kommunal veg fram til eigedom og dei som har private vegar. Kommunen sin økonomiske situasjon og teknisk drift sitt budsjett, er styrande for kva vedlikehald og drift som er realistisk å få gjennomført på dei kommunale vegane. Slik det er no, er forventningane høgare enn det

som er mogleg å innfri innafor eininga sine rammer. Det må derfor til ei prioritering av ressursane. Nedklassifisering av vegar er eit av fleire tiltak.

Det har vore oppe ei politisk sak der felles kriterie for omklassifisering av kommunale vegar til private er vedteke : (sak 20/06962 dato 11.11.2020)

1. Vegar utan heilårs fastbuande. Med fastbuande meiner ein her at ein fysisk må bu i ein bustad som matrikkelen har definert som bustad.
2. Vegar med låg trafikkbelastning (td. stikkvegar).
3. Vegar som ikkje er nytta til allmennyttige formål/interesser (td. tur/friluftsområde).
4. Bakgardar/gatetun/blindveg

For at ein veg kan vurderast omklassifisert, er det nok at den stettar eit av kriteria.

Arbeidet med omklassifisering av kommunale vegar tek til i 2024. Det er ikkje noko krav i lovverket at ein skal rusta opp ein kommunal veg før denne vert omklassifisert. Det vert lagt fram ei sak til politisk handsaming over kva vegar administrasjonen føreslår å omklassifisera, men det er politikarane som til slutt vedtek kva vegar som skal omklassifiserast. Vedtaket som vert fatta er då eit politisk vedtak som det ikkje er høve til å klaga på.

Bruer

Voss herad har totalt 120 bruer, der 113 er på køyrevegane og 7 på GS-vegane. 42 bruer har kritisk skade/mangel (skadegrad 4) og bør utbetrast så snart som råd. 66 bruer har stor skade/mangel (skadegrad 3) og bør utbetrast i løpet av 1-3 år.

Det er rekna ein utbetringkostnad på totalt **25,7 mill.kr.** I tillegg kjem kostnad for 1 bru der det er tilrådd spesialinspeksjon. Det bør setjast av **10mill. i 2025 og 2026** for å utbetra dei bruene som har dårlegast bereevne.

Tilrådingar

Det er i vegplanen utarbeidd framlegg til økonomiplan for to langtidsbudsjettperiodar frå **2024 – 2031** (8 år) for 3 **ulike nivå**. (Kostnadane er eks. mva):

Nivå 1: 6 mill. kr pr. år (48 mill. kr i økonomiplanperioden)

Med dette nivået kan ein asfaltera/forsterka fylgjande tal vegar/strekkjer:

- Hovudvegar: 1 (av 15 som har behov)
- Samlevegar: 3 (av 53 som har behov)
- Adkomstvegar: 46 (av 407 som har behov)
- Gang- og sykkelvegar: 8 (av 46 som har behov)
- Fortau 4 (av 51 som har behov)

Med denne løysinga vil det ta totalt **51,7 år**, før alle vegane er asfalterte eller forsterka og vegstandarden vil forringast og vera mykje dårlegare i 2031 enn han er i dag. Dette er difor ein **særs ugunstig langtidsplan** for vegnettet.

Nivå 2: 12 mill. kr pr. år (96 mill. kr i økonomiplanperioden)

Med dette nivået kan ein asfaltera/forsterka fylgjande mengde vegar/strekkjer:

- Hovudvegar: 3 (av 15 som har behov)
- Samlevegar: 9 (av 53 som har behov)
- Adkomstvegar: 90 (av 407 som har behov)
- Gang- og sykkelvegar: 17 (av 46 som har behov)
- Fortau 9 (av 51 som har behov)

Med denne løysinga vil det ta totalt **25,8 år**, før alle vegane er asfaltert eller forsterka. Vegstandarden vil truleg verta noko dårlegare i 2031 enn han er i dag og difor ein **ugunstig langtidsplan** for vegnettet.

Nivå 3: 17 mill. kr pr. år (136 mill. kr i økonomiplanperioden)

Med dette nivået kan heradet asfaltera/forsterka fylgjande mengde vegar/strekkjer:

- Hovudvegar: 5 (av 15 som har behov)
- Samlevegar: 12 (av 53 som har behov)
- Adkomstvegar: 134 (av 407 som har behov)
- Gang- og sykkelvegar: 17 (av 46 som har behov)
- Fortau 13 (av 51 som har behov)

Med denne løysinga vil det ta totalt **18,2 år**, før alle vegane er asfaltert eller forsterka. Dette budsjettnivået trur me vil auka standarden på vegnettet noko i 2031 i høve til dagens standard. Dette er difor den **føretrekte langtidsplanen** for vegnettet.

Handlingsplan

Det er utarbeidd ein handlingsplan for oppgradering av dei kommunale vegane. Dette er ei lista som er laga utifrå dei opplysningane som er innhenta i samband med kartlegginga. Det må takast ein ny gjennomgang dersom det vert sett av midlar til oppgradering av vegnettet.

Me har som mål at denne hovudplanen skal vera eit mest mogleg «levande» dokument. Det vil seia at utbetringar som vert utført kjem inn i planen slik at planen til ei kvar tid er ajourført.

Vegstrekkjene i tabellen nedanfor kan utbetrast i **2024 /2025**, avhengig av løyvingsnivå. (Kostnader er eks mva).

Vegnummer Strekning Delstr.	Navn	Vegkat.	Lengde (m)	Gjennom- snittlig tilstand	Dekke type	Kostnad (1000 kr)	Nivå 1 6 mill årlig	Nivå 2 12 mill årlig	Nivå 3 17 mill årlig
2070-1-1	Steinsete	A	10	1.0	A	20	X	X	X
1156-1-70	Bjørgamarki	G	18	1.0	G	8	X	X	X
1239-1-1	Knute Nelson-gata	F	56	1.4	A	71	X	X	X
2034-3-1	Åsingavegen	A	464	1.2	A	1 087	X	X	X
1293-1-1	Lemmesvegen	S	408	2.0	A	1 007	X	X	X
1201-2-1	Haugsløi	A	106	1.5	A	232	X	X	X
2034-1-1	Åsingavegen	A	1 718	1.5	A	4 104	X	X	X
37-1-1	Nedre Klyve	A	472	1.3	A	947		X	X
2027-1-1	Hausevegen	A	529	1.4	A	1 062		X	X
1206-2-1	Brandsetvegen	A	274	1.8	A	535		X	X
1328-1-1	Steinsvegen	A	1 565	1.7	A	3 728		X	X
1190-3-1	Framnesløy	A	129	1.5	A	282			X
1328-3-1	Steinsvegen	A	168	1.0	G	141			X
1049-1-1	Rognshagen	S	873	2.4	A	2 417			X
1233-1-1	Velesvegen	A	417	2.0	A	974			X

Totalt vert dette 16, 615 mill kr. Vegstrekkjene som er prioritert høgast har behov for forsterkning utover vanleg vedlikehald, (til dømes reasfaltering eller oppgrusing).

Rådmannen si vurdering:

Generelle vurderingar:

Hovudplan veg er utarbeidd for å få fram eit betre grunnlag for framtidig behov og prioritering av

ressursinnsats innan drif, vedlikehald og forsterking av det kommunale vegnettet. Planen skal vera eit handlingsretta verktøy for å prioritera tiltak i budsjett og økonomiplanar framover.

Økonomiske konsekvensar:

Planen er ein temaplan, og gjev ei oversikt over status på det kommunale vegnettet og kva ein treng av midlar for å drifta, vedlikehalda og oppjustera vegnettet til ønska standard og bruksklasse. Det pågår kontinuerleg vedlikehald og oppgradering, men tildelte midlar er for små til å halda tritt med etterslepet. Eit konkret mål er å få alle kommunale vegar opp i 10 tonn akseltrykk. Brøyting/strøing og vedlikehald etter vinterslitasje/skader utgjer ein relativt stor del av driftsbudsjettet, men kostnader knytt til dette varierer frå år til år. Gjennomgangen syner at dagens ressursar som vert nytta på vegane er for snaue og vil føra til at vegkapitalen vert forringa.

Planen syner korleis ulike investeringsnivå sikrar vegkapitalen til heradet. For å ta igjen vedlikehaldsetterslepet og oppgradera vegnettet, er det tilrådd å **auka investeringsbudsjettet til 17 mill.kr** årleg i ein 8 års periode. **Driftsbudsjettet** bør oppjusterast med **13 mill** årleg for å få samsvar mellom tal km veg som skal driftast og faktiske kostnader for å ta vare på vegkapitalen.

Hovudplanen gjev ei god oversikt over kva som er naudsynt av midlar både til drift, vedlikehald og opprusting av vegnettet framover og kva som må leggjast inn i økonomiplan/budsjett i åra som kjem, for å nå måla i samfunnsdelen til kommuneplan 2020 – 2032: «*Voss herad skal byggja solid infrastruktur og bidra til innovasjon. Heradet skal bidra til å oppgradera infrastruktur*»

Miljø og klimakonsekvensar:

Vossaklima 2030 peikar på at vegtrafikk er hovudkjelda for direkteutslepp av CO₂ i Voss herad. Den tredje største kjelda er kategorien knytt til anna mobil forbrenning som er mellom anna utslepp frå forbrenning av avgiftsfri diesel. For å kunne redusera utsleppa knytt til anleggsverksemd er det naudsynt å ha fokus på å redusera energiforbruket, nytta meir miljøvennlege material, optimalisera transport og fremja berekraftig praksis. Døme på tiltak som kan vurderast i Voss herad:

- Bruk av miljøvennlege og kortreiste material i vegoppbygging og vegvedlikehald.
- Optimalisering av transportruter.
- Bruk av meir biodiesel. Biodiesel kan redusera CO₂ utsleppa med opp til 90 % samanlikna med vanleg diesel, men har ein meirkostnad pr dato.
- Berekraftig vasshandtering. Dårlig drenerte vegar kan gje redusert levetid på vegane våre. Det er viktig å ha gode driftsrutinar og sikra oppgradering av vassvegane til vegvatnet.

For å redusera klimagassutsleppa frå vegsektoren er det naudsynt å oppretthalda ein tilstrekkeleg standard på vegvedlikehald og kontinuerleg søkja forbetringar som kan minimera etterslepet. Om vegar ikkje vert vedlikehaldne, vil dei gradvis forverrast og det vil krevja meir energi og ressursar å reparera dei seinare.

Det er viktig at vegbudsjettet vert brukt på best mogleg måte, og på noko som totalt vil gje lengre levetid.. Asfalt som vert nytta i rehabiliteringa av vegane er det produktet som har størst betydning for klimagassutslepp, då både produksjon og utlegging gjev store klimaavtrykk. Derfor er det viktig å sikra lengst mogeleg dekkelevetid.

Ved oppgradering av vegnettet til BK10 vil ein også oppnå ein reduksjon i CO₂ utslepp, då kvar tur kan ha større nyttelast og med det køyra færre turar.

Konklusjon

Oppsummert syner vegplanen at utfordringane på vegområdet vil verta krevjande framover. Planen syner kva som må gjerast av tiltak for å ta vare på vegkapitalen, samt ressursane som trengst. Det er to måtar å skaffa meir ressursar på; minka tal km veg eller auka resurstilgangen. Ein del vegar skal og

kan nedklassifiserast til private vegar, men budsjettet for vedlikehald og drift av kommunale vegar bør likevel aukast slik at det vert betre samsvar mellom tilgjengelege ressursar og det reelle behovet.

Dei kommunale bruene har også eit stort behov for oppgradering. Her går det direkte på tryggleik. Behovet viser at det er trong for opp mot **10 mill.** kr årleg for å ta att etterslepet. Konsekvensane av manglande vedlikehald/oppgradering vert anten å setja bruene ned i lågare bruksklasse eller at bruer må stengast.

Rådmannen rår til at vegplanen vert vedteken som eit godt grunnlag for prioriteringar og vidare arbeid med dei kommunale vegane i Voss herad. Spørsmål om ressursar og løyvingar må vurderast i årlege budsjett og økonomiplanar.

Vedlegg

Hovudplan veg Voss 2024-02-20

Kortversjon Hovudplan veg